



Sanitærbygget på Rabben treng opprusting. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Rabben Camping får ikkje medhald av administrasjonen i kommunen i si klage over vedtaket om mellombels forbod mot deling og byggjing. Viss politikarane er av samme meining når dei handsamar saka i forvaltningskomiteen 13. desember, kan ikkje Steinar Myklebust gjennomføre prosjektet sitt med om- og utbyggjing av sanitærbygningen allereie no og etter dei planane han har laga.

I klaga peika Myklebust på at sanitærbygningen no er i så dårleg stand at han er redd for svikt i omsetningen. Han har elles hevda at saka er blitt trenert. Han har peika på at to omsøkte byggjetiltak vart slege saman til ei felles handsaming og at sakshandsaminga tok sju månader til første vedtak.

Administrasjonen minner om at Rabben Camping brukar regulert friområde til langtidsleige av campingvogner mellombels med lovnad om ein snarleg oppstart av reguleringsplan. Administrasjonen held fast ved eit byggje- og deleforbod for at intensjonsavtalen frå 2005 om utarbeiding av reguleringsplan kan gjennomførast.

Om sanitærbygningen seier administrasjonen at vedlikehald av denne ikkje er avhengig av påbygg. Om taket har lekkasje kan dette rettast ved å montere ned taket og leggja på nytt undertak, som kan stå ei tid i påvente av den nye reguleringsplanen.

Administrasjonen minner også om at Rabben Camping ikkje har søkt om oppgradering av sanitæranlegget, noko campingplassen er pliktig til. Anlegget er som før og stettar ikkje krava om dusj for orienterings- og rørslehemma.

Det blir og minna om at det også er planmessige utfordringar med omsyn til sol, lys, byggjehøgder og tilhøve til kommunal pumpestasjon/reinseanlegg. Samanblanding av utleiehytte over sanitæranlegget om pumpestasjon må utgreiast i høve til luft- og lydplager.

Klaga har ikkje peika på nye moment som tilseier utbyggjing før ny reguleringsplan er ferdig. Klageopplysingane peikar enda meir i retning av at reguleringsplan må vera styringsreidskap for ei attraktiv

camping-verksemd, og at tiltakshavar må prosjektera opprusting av sanitæranlegg i samsvar med regelverket, skriv administrasjonen.

Av Ola Matti Mathisen